

Betre akustikk i Gamleskulen

24.07.2012



Platene i taket verkar bra

No er det montert lyddempande plater i det eine av dei to hovudromma i Gamleskulen og i dag var gjestene i Cafe Tlaren samstemte om at aukustikken har vorte mykje betre. Enda betre vil den verta når platane kjem på plass i taket også i det andre rommet. Plater av denne typen har vist seg vellukka i ein litt smalare versjon i den nærliggjande frisørsalongen.

Dei ansvarlege i Uskedalen Utvikling kan ikkje no seia når resten av platene kjem opp, då det avheng av eksperthjelp.

Men også den jobben skal gjennomførast i stor grad på dugnad og at det vil skje i sommar er sikkert nok. Platene er relativt rimelege, dei kjem på rundt 11 000 kroner.

Det har ellers vore bra sommarbesøk i dag med 51 vaksne og så mange som 20 born. Det var også mange som sat ute og det er tydeleg at dei unge set stor pris på den nyinnkjøpte politibilen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen